



Vinje kommune

ÅRSMELDING 2014

VINJE KOMMUNE



Innhald

INNLEIING	4
ORGANISASJON	5
ORDFØRAREN	6
Det politiske året	6
Kraftpolitikk og vassdragsforvaltning	6
Samferdsel og annan kommunikasjon	7
Fjellregion- og distriktspolitikk	8
Lokalsamfunn, kultur og omdøme	9
Kommunereformen.....	10
Representasjon.....	11
Anna deltaking (i kronologisk rekkjefølge).....	11
ØKONOMI	12
Vinje samanlikna med andre	12
Prioritering av oppgåver	13
Drift	14
Gjeld	16
Renteinntekter.....	17
Likviditet.....	17
Investeringane.....	18
Balansen	19
Fondsmidlar	19
Verksemda.....	20
Økonomisk styring – budsjettavvik.....	22
SAMFUNNET VÅRT SETT GJENNOM NOKRE TAL	23
SERVICE	24
MEDARBEIDARANE OG ORGANISASJONEN	25
Etske retningslinjer for tilsette og folkevalde	25
Personalpolitikk	25
Tal på årsverk	25
Likestilling	26
Lærlingar.....	26
Sommararbeid for ungdom	26
25-års jubilarar / pensjonistar	26
Medarbeiderutvikling.....	26
Tryggjande kontroll	28

Sjukefråvèr.....	28
IA-bedrift	29
Bedriftshelseteneste	29
Trim og aktivitetskort	29
Tillitsvalde.....	29
Samrådsmøte	30
PLAN OG UTVIKLING	31
NÆRING	32
SKULE.....	33
Overordna mål for arbeidet i skulane	33
Vaksenopplæring.....	33
Elevtalsutvikling.....	34
Kostratal	34
Måloppnåing	35
Resultat nasjonale prøve10.klasse 2014	36
BARNEHAGE	37
Overordna mål for arbeidet i barnehagen	37
Utvalde KOSTRA-tal	37
HELSE, OMSORGS- OG SOSIALTENESTER.....	40
Satsingsområde	40
Barnevern	42
Sosialteneste	43
Vinje kjøkendrift	43
TEKNISK DRIFT OG VEDLIKEHALD	44
Samferdsel	45
Anna	46
KULTUR.....	47
Satsingsområde	47
Kulturskulen.....	48
Kulturhistorisk arkiv.....	48
Litteraturdagane i Vinje.....	48
Kultur- og idrottsstipend for ungdom	49
Kulturprisen	49
VINJE KYRKJELEGE FELLESRÅD	50

INNLEIING

Rådmannens kommentarar

Årsmeldinga er ein del av årsrekneskapen. Den skal gje ei kort skildring av hovudaktivitetane i kommunen gjennom året. Meldinga vil også ha ein del KOSTRA-tal som kan gje eit bilete av drifta i kommunen samanlikna med andre kommunar og landet elles. Det er mykje arbeid knytt til utarbeidinga av årsmeldinga og rådmannen vonar at ho vil vera eit nyttig verktøy for politikarane og andre som vil skaffe seg eit bilete av stoda i Vinje kommune.

Etter fleire år med oppgang i folketalet, opplevde vi ein reduksjon i folketalet og har ved utgangen av 2014 3 690 innbyggjarar. Dette er ein reduksjon på 0,89 %. Nedgangen kan best forklarast med meir ut- enn innflytting, til eller i frå andre stader i Noreg. Vinje er framleis ein kommune med relativ høg aktivitet, så årsakene til at 148 flyttar herifrå kjenner vi ikkje til, men det å skape nye og interessante arbeidsplassar framover vert ei viktig oppgåve. Til liks med dei fleste andre kommunar, vart 2014 eit økonomisk sett tyngre år enn fjoråret. Likevel står ein seg godt målt mot dei fleste. Eit netto driftsresultat på 4,7% er trass dette, det svakaste på fire år. Det er særleg reduksjon i verdien av inntekter frå kraft som har slått negativt ut. Kommunen investera i 2014 for om lag 92,5 millionar kroner i eigedom og maskiner. Det er ca 10 millionar kroner mindre enn året før. Svingen bufellesskap 36,6 mill og Krontveit bustadfelt med 10,3 mill var dei to største prosjekta. Rådmannen vil særleg trekkje fram det solide arbeidet som vart lagt ned både i byggjeprosessen og i samband flyttinga til Svingen, når brukarane skulle på plass i nye bustader. Dette var heilt avgjerande for det vellukka resultatet på nyåret.

Kommunen nyttar i aukande grad heimesida og sosiale media som kontaktflate mot innbyggjarar og næringsliv. Kommunen lanserte i 2014 ny heimeside og har over 3 000 følgjarar på Facebook. Vidare vil ein framover oftare ta i bruk brukarundersøkingar for å danne seg eit bilete av korleis innbyggjarane vurderer tenestene, og kvar det er rom for forbetringar. Barnehagane var først ute med brukarundersøking i år, som synte at brukarane er tilfredse med tenestetilbodet, men ønskte noko meir fleksibilitet når det gjeld opningstider. Denne tilbakemeldinga leidde til at kommunestyret prioriterte forlenga opningstid i budsjettet for 2015.

Vinje, 31. mars 15

Jan Myrekrok
Rådmann

ORGANISASJON



Rådmann t.o.m. 01.09.14
Hans Kristian Lehmann



Plan- og økonomisjef
t.o.m. 31.08.14

Rådmann fom
01.09.14
Jan Myrekrok



Skulesjef Åmot skule t.o.m.
31.08.14

Assisterende rådmann f.o.m.
01.09.14
Anders Sandvik



Plan- og økonomisjef f.o.m.
01.09.14
Gry Åsne Wienega
Økonomi, plan og utvikling



Organisasjonssjef
Aud M. Groven
Organisasjon, arkiv og IKT



Tenestorgsjef
Sten Andersen
Tjenestetilsvart



Kultursjef
Signe Marie Kittelsaa
Kultur



Reinholdssjef
Signe Olesrud
Reinhold og tekstil



Næringsjef
Toril Nicolaisen
Næringskontroll



Barnehagesjef **Katrine
Grindalen**
Edland barnehage



Barnehagesjef
Heidi Romingen
Rauland barnehage



Barnehagesjef
Gerd L. Kroken
Hakkespetta barnehage



Skulesjef fom 01.08.14
Sten Rune Sannerholt
Rauland skule



Skulesjef
Heidi Hylland
Edland skule



Kjøkensjef
Torggrim Thomassen
Vinje kjøken drift



Driftsjef
Åge Verpe
Teknisk drift og vedlikehold



Skulesjef Rauland
skule t.o.m. 31.07.14

Skulesjef Åmot skule
f.o.m. 01.08.14
Rune Sudbo



Oppvekstsjef t.o.m. 31.08.14
Sindre Hestdalen
Øyffell oppvekstsenter



Oppvekstsjef f.o.m. 01.09.14
Dag Rune Sandvik
Øyffell oppvekstsenter



Helse- og omsorgssjef
Kari Dalen
Vinje sjukeheim



NAV-leiar
Gerd Kari Skalen
NAV-Vinje

ORDFØRAREN

Det politiske året

Denne sjølvmeldinga handlar som vanleg mest om det politiske og strategiske arbeidet i kommunen, og mindre om det daglege samarbeidet mellom politikk og administrasjon knytt til drifta av den store og mangslungne kommunale organisasjonen. Det må likevel nemnast også av ordføraren at kommunen skifta rådmann i 2014. Eg takkar Hans Kristian Lehmann hjarteleg for godt samarbeid i 11 år, og ønskjer Jan Myrekrok like hjarteleg lykke til vidare! Ordføraren har til særleg oppgåve å målbera lokale interesser andsynes regionale og nasjonale styresmakter – folkevalde organ så vel som embetsverket. Dette skjer på ei rekkje formelle og uformelle måtar, frå direkte møte i stortinget og departementet til deltaking i høyringsmøte, partimøte, kommuneorganisasjonar, brevskrivning, bruk av kontaktar og nettverk på ulike nivå, osb., og det kjem attåt dei vedtaka som blir fatta i kommunen og Vest-Telemarkrådet.

Berre ein liten del av desse aktivitetane er nemnde i dette kapitlet, som handlar mest om dei formelle prosessane. Dei som har lesi tidlegare årsmeldingar, vil kjenne att mange tema. Ting tek tid. Men den nye regjeringa har sett i gong store politiske prosjekt som i stor grad påverkar dagsordenen til kommunane så vel som malen til dette kapitlet: det er teki inn eit eige avsnitt om arbeidet med kommunereformen.

Kraftpolitikk og vassdragsforvaltning

Inntektene som har utspring i kraftproduksjonen i Vinje (skattar, konsesjonsavgifter og sal av konsesjonskraft) utgjer om lag 40 % av dei samla inntektene i kommunen. Likevel er dette ein liten del av den verdien produksjonen har for kraftverkseigarane, og av dei verdiane krafta skapar der ho blir bruka – framfor alt i dei sentrale vekstområda. Det er eit viktig prinsipp i den norske kraftpolitikken at lokalsamfunna som må tola konsekvensane av kraftutbygginga, skal ha sin del av verdiskapinga.

Mengda straum som blir produsert i Noreg aukar, men verdien av kvar kilowattime minkar fordi produksjonen er langt høgare enn forbruket innanlands. Det er den statlege ordninga med el-sertifikat («grøne sertifikat») som gjer det lønsamt å byggje ut stadig meir fornybar energi, trass i låge straumprisar. At kraftprisane er venta å halde seg låge i mange år framover, er bra for kundane, men mindre bra for Vinje og andre kraftkommunar, som mistar store, årlege inntekter i prisfallet.

Trass i kraftoverskotet held styresmaktene fram med å prioritere ny kraftutbygging framfor tiltak for å betre miljøvilkåra i eldre reguleringar. Dette heng saman med at energipolitikken i EU blir gjort gjeldande i Noreg gjennom EØS-avtala. I 2014 fekk dette til følgje for Vinje kommune at lite eller ingen ting skjedde i to viktige kraftsaker:

- Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har enno ikkje gjevi si tilråding til Olje- og energidepartementet (OED) om dei framtidige vilkåra for reguleringa av Tokke-Vinje-vassdraget. Derimot fekk Statkraft konsesjon til å byggje eit nytt kraftverk i Vesle Kjela, etter ei rask og effektiv sakshandsaming.
- Innstillinga om ny konsesjon for reguleringa av Møsvatn, som i 2008 blei sendt over frå NVE til OED, låg i ro hjå departementet. 15. mai møtte ordførarane i Tinn og Vinje

statssekretær Kåre Fostervoll, orienterte om saka og oppmoda sterkt om at departementet snart måtte gjera eit vedtak.

- *Framlegg til forvaltningsplanar for vatn og vassdrag* har vori ute til høyring. Dette er eit viktig miljøtiltak med utspring i EUs vassrammedirektiv. Attåt forvaltningsplanen for Vest-Viken vassregion gjeld òg forvaltningsplanen for Agder og for Rogaland i Vinje. Her har kommunen bedi om at det blir førebudd ny konsesjonssak for regulering av Røldalsvassdraget med Holmavatn. Det er Odda og Suldal kommunar som skal førebu den saka.
- Det er gjennomført *tiltaksregistrering og problemkartlegging* (vassovervaking) i Tokke-Vinje vassområde òg i 2014, med oppmuntrande resultat. Med unnatak av regulerte vassførekomstar var den økologiske tilstanden i dei undersøkte vassførekomstane god eller sær god. Det galdt også Tveitevatn, der det ikkje ser ut til at vegarbeidet på E 134 har hatt nemnande verknad på vasskvalitet og vassvegetasjon. I reguleringsmagasina er derimot den økologiske tilstanden ofte dårleg, på grunn av erosjon i strandsona som reduserer kvalitetselementa vassvegetasjon og littorale krepsdyr og muslingar.

Samferdsel og annan kommunikasjon

- Bortsett frå prosjektet i neste punkt, var framdrifta i planar og tiltak på *E 134* moderat i 2014. Planprosessen knytt til nye tunnelar frå Vågsli til Seljestad såg ut til å ha køyrt seg fast i ei usemje mellom vegetatane om standardkrav. Dei planlagde anleggsarbeida mellom Åmot og Seljord kom ikkje i gong dette året, og vil venteleg starte opp tidleg i 2015. I mars hadde ordføraren og kommunepolitikarar frå Høgre og Frp saman med dagleg leiar av AS Haukelivegen møte med statssekretær Bård Hoksrud i samferdselsdepartementet. Hovudtemaet var planen om ny trasé mellom Åmot og Vinjesvingen.
- Anleggsarbeidet på E134 aust for Edland heldt fram, og etter kvart kunne trafikken nytte lange strekningar med god, ny veg. Ved årsskiftet stod det att arbeid på traseen mellom Grunge kyrkje til Kvaslerud. Forskoteringa av anleggsmidlar frå Telemark fylkeskommune og Vinje kommune gjorde det mogleg å byggje heile denne strekninga i eitt.
- Varlandsvegen blei endeleg grundig rusta opp, og er i dag betre enn nokon gong før.
- Vinje kommune deltok aktivt i arbeidet med å opprette ein ladestasjon for el-bilar (i fyrste omgang for Tesla) i Åmot.
- Arbeidet for lyntog mellom aust og vest over Haukeli – som del av eit meir omfattande banenett i Sør-Noreg – var òg i 2014 konsentrert om oppbygginga av Lyntogforum for Vestlandsbanen over Haukeli. Regionråda i Vest-Telemark, Midt-Telemark og Kongsberg-regionen (12 av 18 kommunar i Telemark) støttar dette arbeidet. I alt 21 kommunar og 55 bedrifter/organisasjonar har slutta seg til Lyntogforum i 2014. Siktemålet er å skapa eit sterkt mogleg politisk grunnlag for å få prosjektet inn i Nasjonal transportplan i 2017.

Fjellregion- og distriktspolitikk

Statleg politikk legg mange føringar for kommunane og næringslivet i distrikta – nokre opnar for vekst og utvikling, andre verkar avgrensande og sentraliserande. Endå meir formande for samfunnsutviklinga er den nasjonale og globale økonomien, som òg kommunane er del av. Den langvarige perioden me har bak oss med til dels sterk økonomisk vekst, skapte ein konkurranse om arbeidskrafta som drog mange arbeidssøklarar frå distriktkommunane til sentrale strok, og til oljeverksemdene. I 2014 ser det ut til at veksten kan bli redusert og at arbeidsløysa vil auke, særleg i oljeindustrien. Dette vil gjeva oss utfordringar i åra som kjem, men kan òg vera eit steg i omstillinga frå eit fossilbasert samfunn til ein «grøn» økonomi, tufta på fornybar energi.

Men sentraliseringskreftene er framleis sterke, og ei rekkje statlege reformer dreg i same retning, slik som sentralisering av spesialisthelsetenesta (sjukehussaka), politireformen, landbrukspolitikken, endringar i skatteetaten og ikkje minst kommunereformen. Vinje kommune har i ei årrekkje arbeidd saman med andre, liknande kommunar for å skapa motvekt: Vest-Telemarkrådet, Fjellnettverket (tidlegare) Fjellregionsamarbeidet), Utmarkskommunanes samanslutning (USS), Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK og Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar (LNK).

Strategien er enkel og har brei oppslutning i kommunestyret: på den eine sida skal kommunen påverke Stortinget og regjeringa til å gjeva distriktkommunane best moglege rammevilkår; på den hi sida skal me utvikle vidare dei viktige kvalitetane me forvaltar i naturen, kulturen og lokalsamfunnet. Av einskildsaker kan nemnast:

- Regionsamarbeidet i Vest-Telemark var 20 år, noko som blei markert på Vest-Telemarktinget i februar. Dette interkommunale samarbeidet er dels strategisk og dels ein måte løyse oppgåver i fellesskap på (som barnevern, PPT, brannvern og digitale tenester). Store delar av breibandutbygginga i Vinje og Vest-Telemark er tufta på regionsamarbeidet.
- Eit treårig forskingsprosjekt i regi av Østlandsforskning, *Utfordringar til en fjellpolitikk*, blei avslutta hausten 2014. Tinn og Vinje var blant utvalde fjellkommunar som deltok i prosjektet, som har gjevi eit viktig utgangspunkt for å påverke og endre den sentrale politikken for fjellområda.
- Etter innbjuding frå Aasmund Nordstoga kom landbruksminister Sylvi Listhaug med fylgje på vitjing til Plassen, der både verten og ordføraren gjorde så godt dei kunne for å realitetsorientere statsråden.
- Opplegget frå regjeringa med ei utvida forsøksordning med motorferdsle i utmark blei lagt til sides, etter at sivilombodsmannen konkluderte med at forsøket var lovstridig. Dermed stod Vinje og dei hine forsøkskommunane utan heimel til å praktisere reglane frå det fyrste forsøket (2002-2005). Samstundes sette Den Norske Turistforening (DNT) i gong ein kampanje retta mot arbeidet med å revidere motorferdslelova. Ordføraren deltok m.a. på møte mellom USS og DNT i desember, i ein freistnad på å avklare mistydingar og feilinformasjon.
- Vinje kommune skipa til eit informasjonsmøte om situasjonen for snøskuterordninga, på Rauland 27. november. Full sal, sakleg debatt og stor frustrasjon over dårleg politisk handverk i departementet.

- Som ei oppfølging av den regionale villreinplanen for Hardangervidda, er det oppretta eit Hardangerviddaråd, som hadde eit konstituerande møte i Eidfjord i mai. Ordførarutvalet for Hardangervidda held fram. Det same gjeld det årlege møtet mellom Vinje og grannekommunane i vest, Bykle, Suldal og Odda. Det er i stor grad politisk strategi knytt til tema som vegutbygging, reiseliv, landbruk og arealforvaltning som blir drøfta på grannemøtet.
- Fjellregionsamarbeidet (mellom fylkeskommunar, regionråd og kommunar i Sør-Noreg) endra namn til *Fjellnettverket*. Organisasjonen er ein viktig aktør m.a. i samband med verdiskapingsprogrammet for fjellregionen («fjellsatsinga») i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Lokalsamfunn, kultur og omdøme

Etter fleire år med auke i folketalet, gjekk det noko ned i 2014. Det er vanskeleg å peike på einskilde årsaker til dette, men det er ei påminning om at næringsarbeidet framleis må ha høg prioritet, saman med tiltak for å betre dei kommunale tenestene og styrkje lokalsamfunnet. Formannskapet er ansvarleg for næringsarbeidet, og har hatt jamlege møte med dei tre næringslaga i kommunen.

Den offentlege og private innsatsen i hyttebygginga er framleis stor. Også i 2014 var Vinje ein av dei kommunane med flest nybygde hytter, og er no den fjerde største hyttekommunen i landet.

Kommunestyret har vedteki eit omfattande program for utbygginga av vatn og avlaup i samband med eksisterande og planlagde hyttefelt, og har sett av midlar i budsjettet og økonomiplanen til denne satsinga. Dette er investeringar som etter kvart skal finansierast gjennom avgiftene til dei som koplarseg på.

Føremålet med denne satsinga er å skapa eit stabilt og heilårleg grunnlag for lokal handel og tenesteyting. Skal dette lykkast, må det vera stor nok utleigekapasitet i dei sentrale turistområda, jamsides dei private hyttene. Det har synt seg at den modellen kommunen valde i 2004, sal og tilbakeleige, ikkje skaffar fram denne kapasiteten. Derfor blei det på hausten i 2014 sett i gong eit arbeid med å laga ein annan modell som kan vera betre eigna til å utvikle destinasjonane i samsvar med dei politiske måla.

Verdiane i naturen og kulturen er, ved sidan av innbyggjarane sjølve, det største aktivum Vinje kommune har. Det er derfor om å gjera at reiselivssatstinga støttar opp om desse verdiane. Utover i landet er kommunen best kjend for sterke folketradisjonar og sentrale utøvarar innan musikk, litteratur, kunst, handverk og idrett. Målføret og det nynorske skriftmålet er òg ein viktig del av identiteten til kommunen.

- Saman med Nynorsk kultursentrum i Ørsta har kommunen tinga fram ei intensjonsavtale om å opprette eit «Vinje-senter for dikting, journalistikk og språkleg mangfald», som kommunestyret slutta seg til med 24 mot 1 røyst. Siktemålet er å opne senteret i samband med 200-årsjubileet for A.O. Vinje i 2018. Prosjektet blei lagt fram for kulturdepartementet i november, og det har elles vori ei rekkje møte mellom aktørane gjennom året. Førebuinga til A.O. Vinje-jubileet blei òg organisert og sett i gong.
- Vinje-senteret er tenkt lokalisert til Vinjar/Vinje skule. I 2014 starta kommunen eit arbeid for å opprette ein kulturbasert næringshage same staden.

- Bosniarane i Haukeli markerte at det var 20 år sidan dei kom til Vinje, med ein gild fest på samfunnshuset på Edland. Frå kommunen Kluč, der mange av bosniarane «våre» kjem frå, deltok ein delegasjon med ordføraren i spissen. Mange nytta høvet til å takke for den innsatsen bosniarane har gjort og framleis gjer i bygda.
- I samband med at kommunestyret skulle taka stilling til den framtidige organiseringa av helsetenestene, deriblant dokterkontora, blei det haldi folkemøte i Edland i februar. 10. april vedtok kommunestyret at hovudlegekontoret skal liggje i Åmot, og at legekantoret i Edland og Rauland blir definerte som utekontor med opningstider tilpassa behovet, normalt 2-3 dagar i veka.

Kommunereformen

Kommunereformen som blei lansert av H-/Frp-regjeringa, føreset at alle kommunane utgreier om det er aktuelt å slå seg saman med ein eller fleire grannkommunar. Våren 2016 skal kommunestyra handsame spørsmålet om samanslåing. Om fire år skal innbyggjarane velje kommunestyret til den nye, samanslegne kommunen.

Regjeringa sette ned eit ekspertutval som fekk til oppgåve å utgreie ein ny kommunestruktur, med utgangspunkt i at alle kommunane skal utføre dei same oppgåvene (generalistkommuneprinsippet), og at kommunane skal vera så store at dei kan utføre oppgåvene sjølve, utan å samarbeide med kvarandre. Det er ikkje avklara i kor stor grad Stortinget kan eller vil nytte tvang for å endre kommunestrukturen. Fylkesmannen har ansvar for å følgje opp arbeidet i kommunane, og skal etter kvart gjeva ei innstilling til KMD om den framtidige kommunestrukturen i fylket.

Følgjande har skjedd i Vinje i 2014:

- Alt hausten 2013 tinga Vinje kommune ei utgreiing frå Telemarkforskning, der 3 alternativ er vurderte (ein kommune i Vest-Telemark, Vinje-Tokke og Vinje-Tokke-Tinn) saman med Vinje som eigen kommune. Utgreiinga blei levert utan konklusjon, og presentert for kommunestyret 22. mai.
- 2. oktober gjorde kommunestyret vedtak om at «I denne fasen av kommunereformen held Vinje kommune fram med uforpliktande sonderingar med andre kommunar. Kommunen lagar snarast råd eit opplegg for informasjon og innbyggjarinvolvering.»
- Dei uforpliktande sonderingane gjekk i to retningar: Vest-Telemark og Agder.
 - Dei 6 kommunane i Vest-Telemark gjekk saman om eit forstudie for å få fram dei viktigaste problemstillingane knytte til kommunesamanslåing i regionen. Arbeidet blei utført av tidlegare rådmann i Vinje, Hans Kristian Lehmann, og finansiert av Vest-Telemarkrådet. På grunnlag av forstudiet skal alle kommunane taka stilling til om dei vil vera med vidare i eit forprosjekt.
 - Etter initiativ frå ordføraren i Sirdal har kommunane Sirdal, Bygland, Valle, Bykle og Vinje drøfta korleis kommunereformen slår ut for fjellkommunar med store areal og få innbyggjarar. Kommunane er samde om å gjennomføre ein «mogleighetsstudie» for å få vurdert om ei slik samanslåing kan gjennomførast innafør rammene av kommunereformen, utan at m.a. lokaldemokratiet går tapt.

- Kommunen har oppretta ei nettside og ei Facebook-side om arbeidet med kommunereformen, og rådmannsteamet og ordføreren har vori med på ei rekkje møte i og utanfor Vinje om dette temaet.

Representasjon

Utanom kommunens eigen organisasjon og det regionale/interkommunale samarbeidet i Vest-Telemark, har ordføreren representert kommunen og regionen m.a. som

- Styremedlem i Telemark utviklingsfond (TUF)
- Nestleiar i styret for Fjellregionsamarbeidet/Fjellnettverket
- Hardangerviddarådet og Ordførarutvalet for Hardangervidda
- Verdsarvrådet (søknad om Unesco-status for Tinn, Notodden og Møsvatn), saman med Bjørn Skinnarland
- Lyntogforum for Vestlandsbanen over Haukeli
- Fylkesmannens kontaktgruppe for landbruket i Telemark
- Arbeidsgruppe for verdiskaping i villreinområda (nedsett av Klima- og miljødepartementet)
- Styringsgruppe for *Verdiskaping og næringsutvikling i fjellområdene* (nedsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet)
- Referansegruppe for ekspertutvalet for kommunereformen (nedsett av KMD)

Anna deltaking (i kronologisk rekkjefølge)

- Opning av snøformingsfestivalen
- Tale for diakoniutvalet i Grungedal
- Markering av grunnlovsjubileet i Oslo
- Opning av verdiseminar for ungdom, Vinjehuset
- Tale på støyldagen i Gravidalen
- Opning av litteraturdagane i Vinje
- Utdeling av kulturprisen til Ingebjørg Bratland
- Opning av basar for TV-aksjonen, Edland skule
- Føredrag i samband med grunnlovsjubileet, Grunge kyrkje

ØKONOMI

Vinje samanlikna med andre

KOSTRA

Statistisk sentralbyrå (SSB) har utarbeidd eit nasjonalt system for å hente statistikk som kan brukast til å samanlikne kommunar direkte. Systemet blir kalla KOSTRA. I dette kapitlet blir det gjeve eit oversyn over ulike område der ein kan samanlikne Vinje med ei gruppe av 35 kommunar som har same type geografi og folkesetnad som Vinje og nabokommunane Tokke og Tinn. KOSTRA seier berre i nokon grad noko om kvaliteten på dei kommunale tenestene, men mest om korleis produktivitet, prioriteringar og dekningsgrader fordelar seg.

Kommunen har gjennom mange år rapportert til SSB på ulike fagområde. I KOSTRA er desse data samanstillt med rekneskapen. Som ved all statistikk kan det vera feil i materialet, men informasjonen er likevel god nok til å gje eit bilete på korleis vi ligg i høve til andre. Alle tal er førebels tal frå SSB. Både Vinje og andre kommunar kan innrapportere endringar av tal- og tenesterapportering fram til 15. april, men desse tala vert ikkje publisert før 15. juni.

For å samanlikne utviklinga i Vinje kommune over fleire år, kan ein lage tidsseriar på SSB sine heimesider, eller sjå i tidlegare årsmeldingar. Det er framleis 66 kommunar som ikkje har rapportert, og det kan gje utslag på samanlikningane i Kostragruppa vår.

Presentasjon av nokre nøkkeltal på ulike område

KOSTRA-materialet er omfattande, med fleire detaljnivå. I dette avsnittet blir det presentert nokre nøkkeltal for dei ulike kommunale tenesteområda.


Finansielle nøkkeltal

	Vinje	Like kommunar	Tokke	Tinn
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,3	1,4	-2,8	1,4
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,7	2,0	0,0	4,0
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	213,4	216,5	201,8	178,7
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	8,6	7,0	4,2	13,0
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	56 806	56 417	59 422	57 017
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	93 459	67 464	59 422	40 384

Vinje kommune har til liks med dei fleste andre kommunar eit svakare resultat enn fjoråret, men står seg likevel godt samanlikna med mange.

Brutto driftsinntekter i %, fordelt på inntektskjelder


Vinje har framleis ei markert anna samansetjing av inntektene enn dei kommunane vi samanliknar oss med. Både rammetilskot og andre statstilskot er låge, målt som del av totalen, medan "Andre driftsinntekter" og "Andre driftsinntekter" utgjer relativt meir for Vinjes del enn for andre samanliknbare kommunar. Eigedomsskatt står relativt sett ikkje fram som så viktig som tidlegare år. Tala syner òg at delar av kommunens kraftinntekter indirekte kjem andre kommunar til gode ved at Vinje får ein mindre del av statlege overføringar.



Prioritering av oppgåver

Årsmeldinga syner at kommunen framleis har eit godt servicetilbod på nær sagt alle felt i høve til andre. Likevel er det interessant korleis kommunar prioriterer dei ulike sektorane i høve til kvarandre, og å sjå utviklinga frå førre årsmelding.

Brutto driftsutgifter i %, fordelt på tenesteområde



Vinje skil seg i liten grad ut frå andre kommunar i utgiftsfordelinga. Kommunen ligg høgt på næringsarbeid, planlegging og tekniske tenester (VAR). Kraftinntekter vert nytta til å finansiere desse tre områda. Dette er inntekter dei fleste andre kommunane ikkje har, og dei har derfor ikkje eit økonomisk grunnlag for ein så omfattande aktivitet.

På tenesteområda barnehage, grunnskule, brannvern og administrasjon brukar Vinje mindre ressursar enn samanliknbare kommunar.

Ut frå KOSTRA-tala kan ein i korte trekk oppsummere stoda slik:

Tenestetilbodet i Vinje er framleis godt, og på mange måtar ressurskrevjande i høve til andre kommunar. At ressursbruken er såpass høg på ein del tenester, må ein sjå i samanheng med at det er valt ein desentralisert struktur på fleire område.

Økonomibarometeret frå Kommunal Rapport syner at kommunen har variable resultat innom ulike nøkkeltal som avisa har valt ut (plassiffer).


Foreløpig rangering ØKONOMI i samlet fylket	Foreløpig rangering ØKONOMI gruppe (se merknad)	DRIFTSRESULTAT : Korrigert netto driftsresultat siste år (10% vekt innen sektoren)	DRIFTSRESULTAT : Korrigert netto driftsresultat siste fire år (20%)	DISPOSISJONS-FOND: I prosent av brutto driftsinntekter (10%)	NETTO LÅNEGJELD: I prosent av brutto driftsinntekter (15%)	ENDRING I LÅNEGJELD: Endring i prosentpoeng siste fire år (5%)	NETTO FINANSUTGIFTE R: I prosent av brutto driftsinntekter, eksklusive avdrag (5%)	INVESTERINGER: Andel av brutto driftsinntekter (10%)	INVESTERINGER: Snitt siste fire år, som andel av brutto driftsinntekter (10%)	LÅN: Andel av investeringene som finansieres med lån, siste fire år (5%)	PREMIEAVVIK: Oppsamlet beløp i balansen, i prosent av brutto driftsinntekter (5%)
240	8	162	114	85	196	322	152	312	336	58	218

Drift

Kommunens sentrale økonomifunksjon ligg i støtteininga Økonomi, Plan og Utvikling. Her ligg budsjett, rekneskap, lønn og skatteoppkrevjaransvaret saman med anna økonomi-forvaltning som innkjøp og forsikring.

Vinje har over tid hatt ei stabilt god drift, og utanom eit ekstraordinært godt resultatet i 2013 hatt relativt stabile netto driftskostnader. Resultatet for 2014 er langt svakare. Kommunen må ha eit netto driftsresultat over tid på minst 3% for å gå i balanse. Dette kjem av at resultatomgrepet ikkje fangar opp alle kostnader slik det gjer i privat sektor. Dei fulle kostnadene ved slitasje og verdireduksjon på bygningar, inventar, maskiner osb er ikkje trekte frå når netto driftsresultat blir utrekna – berre avdraga på låna.

Utvikling i brutto- og netto driftsresultat




Årsakene til eit svakare resultat er kort oppsummert:

- Resultatforverring på kraftsal med 6,8 millionar
- 1 million mindre tilført frå konsesjonskraftstyret enn føreset i revidert budsjett

Figuren syner korleis utgiftene fordelar seg mellom dei ulike hovudgruppene innan innsatsfaktorane i tenesteproduksjonen.

Utgiftsfordeling i 2014 (i 1 000 kr)



Diagrammet syner at løn og sosiale utgifter auka med dryge 13 millionar frå 2013 til 2014.


Kommunen brukte 1 million meir på varer/tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon, samstundes som ein også men kjøpte meir tenester utanfrå.

61% av driftsbudsjettet er bunde opp i løn og sosiale utgifter, og det er det som for 2013.

Lønnsrelaterte utgifter utgjer vanlegvis langt meir i kommunal sektor. Dei sosiale utgiftene er i overkant av 54,5 millionar, og auken på 4 mill frå 2013 til 2014 knyter seg til pensjon.


Kommunen betalte 21,5 millionar i arbeidsgjevaravgift i fjor.

Lønn og sosiale utgifter splitta (1 000 kr)




Gjeld

Gjennom året har vekta gjennomsnittrente variert frå 2,81 % ved inngangen til året, til 2,6 % siste tre månader. Grunnen til reduksjonen er fallande marknadsrente. Trass i ein gjeldsauke på 19,5 millionar, har renteutgiftene berre auka med 274.000 kr i 2014 samanlikna med 2013.



Gjelda har auka sterkt dei siste åra, og er høg samanlikna med mange kraftkommunar. I forvaltninga søker ein å oppnå stabile finansutgifter, samstundes som ein ønskjer å dra nytte av det historisk låge rentenivået. Rentenivået på låneportefølja er i tråd med- og reflekterer kommunens rentesikringsstrategi og blir evaluert fortløpande. I høve til finansreglementets krav har, ein eit mindre avvik ved årsskiftet. Største enkeltlån (NOK 80 mill.) utgjør 20,4 % av total lånegjeld, og kravet her er 20%.


Tilhøvet mellom korte og lange fastrenter og flytande rente ser ein i figuren til venstre under. Utover eit lite lån på kr 150 000 hjå Rismyrlegatet, hadde kommunen ved årets utgang plassert sine innlån i fem låneinstitusjonar, som framgår av figuren under til høgre.



Renteinntekter

Vinje kommune har, i tillegg til driftskonti i Tinn sparebank og DnB, siste fire år plassert 30 mill kr i overskotslikviditet gjennom Gjensidige Investeringsrådgiving. Innskotsvilkåra i bank har vore knytt opp mot 1 månads NIBOR. Plasseringa i Gjensidige har etter kvart hatt ei god utvikling.

Tidsvekta avkastning i 2014




Marknadsverdien ved nyttår 2013 var kr 33.416.394,-. I løpet av 2014 har verdien stige til 35.111.905 kr. Dette beløpet fordeler seg slik på dei ulike aktivaklassane

- + bank- og pengemarknad 5,1%
- + norske obligasjonsfond 94,9%

Likviditet


Vinje kommune har hatt ein god likviditetssituasjon i 2014. Kommunen har i gjennomsnitt hatt 94,3 mill kr innestående på konto, medrekna den plasserte overskotslikviditeten på 35 mill. Dette er om lag på nivå med situasjonen i 2011.

Figuren under gjev eit bilete på situasjonen siste dato i kvar måned dei siste fire åra:




Investeringane

Vinje hadde i 2014 ein lågare aktivitet på investeringsfronten enn 2013 og 2011. Svingen bufellesskap og Krontveit bustadfelt var dei to store prosjekta.



Bryt ein finansieringsbehovet i investeringsrekneskapan opp i hovudtal, ser ein som vanleg at investering i anleggsmidlar er dominerande. Eigenkapitalinnskotet i KLP dreg opp nivået på den raude søyla, og ekstraordinært avdrag på husbanklån aukar den gule.


Hovudtal frå investeringsrekneskapen



Balansen


Tabellen nedanfor syner at omløpsmidlane sin del av dei samla aktiva i kommunen er på sitt lågaste sidan 2011. Både auken i anleggsmidlar på vel 102 mill kr, og ca 20 millionar mindre i sum omløpsmidlar gjer at biletet blir endra. Totalkapitalen er på drygt 1,7 milliardar kr og har auka med 5 % i løpet av 2014.

Aktivastruktur



Fondsmidlar

Figuren under syner utviklinga i fondsbeholdninga ved utgangen av dei 6 siste rekneskaps-åra. Dei siste to åra har beholdninga gått ned frå 116 til 94 mill. kr. I tala ligg det disponerte og udisponerte midlar det einsskilde år. Figuren under baserer seg på note 6 i rekneskapen.




Verksemda

Investeringar

Det blei investert for 92,5 mill. i anleggsmidlar i rapporteringsåret, mot 102,2 mill. året før. Kommunen betalte eigenkapitalinnskott i KLP på kr drygt 1 mill kr. Det blei lånt ut drygt 884 000,- i startlån og betalt i underkant av kr 858 000 i avdrag.

Rekneskapen er dominert av mange mindre prosjekt, men av dei større investeringane kan ein nemne Svingen bufellesskap 36,6 mill og Krøntveit bustadfelt med 10,3 mill. Investeringsrekneskapen kjem ut med eit resultat i balanse for 2014.

Dersom ein gjer ei samanlikning over tid, så ser ein at 58% av investeringane siste fire år er lånefinansierte, men to siste år er ein nede på om lag 1/3.



Drift

Drifta gjekk med eit mindreforbruk på kr 10 851 863 i 2014. For driftseiningane syner rekneskapen jamt over gode resultat, og mindre overskridingar for dei som kjem ut med meirforbruk. Felles for resultateiningane er at pensjonsføringane også i år har bidrege positivt til driftsresultatet. For nokre heilt avgjerande for at dei enda på plussida.

Tabellen på neste side syner korleis driftsresultatet er samansett og fordelt på resultat-einingar, kraftinntekter og andre postar.

Fordeling av driftsresultat 2014				
	Mindreforbruk		Meirforbruk	
Eining:	2014	2013	2014	2013
Rådmannen	185 206	12 174		
Sosial og barnevern	1 880 701	1 563 042		
Økonomi, plan og utvikling	657 259	429 639		
Organisasjon, arkiv og IKT	1 785	287 393		
Tenestetorget	846 222	1 215 114		
Barnevern	124 826			
Rauland skule	553 888	924 235		
Åmot skule		11 312	140 690	
Edland skule	313 064	449 941		
Øyfjell oppvekstsenter	425 630	751 977		
Åmot barnehage	160 781	270 130		
Rauland barnehage			105 814	429 308
Edland barnehage	1 514 673	1 438 950		
Helse og omsorg	626 112	556 352		
Kultur		710 335	73 557	
Kjøkendrift	18 797	199 012		
Teknisk drift og vedlikehald		935 142	51 017	
Reinhald og tekstil	490 161	776 543		
Næringskontoret	3 890 674	1 419 026		
Sum einingar	11 318 701	11 953 580	371 078	429 308
Overført frå drift til investering	459 199	9 326 162		
Særavtalekraft			2 560 980	
MVA Refusjon investering	0	0		5 816 953
Kraftinntekter	4 237 990			2 565 000
Fellesutg skule/barnehage	557 415			
Tilkoplingsgebyr	1 228 777			610 431
Skattar/E.skatt/Rammetsk.		965 532	2 208 777	
Flyktningtilskot	855 250			
Renter og avdrag m.m.	509 442			38 488
Konsesjonskraft/avgifter	744 491	276 390		
Husbanktilskot	214 614	265 582		
Gebyr/tap på krav		316 234	266 269	
Rekneskapsres. einingane	11 318 701	11 524 272	371 078	429 308
Reknesk.res. utanom einingane	5 905 842	8 922 018	6 372 680	8 481 872
Samla rekneskapsresultat	10 851 863	20 446 290		0

Når ein vurderer resultatata må ein hugse på at resultatet, som kjem fram i rekneskapan for den einskilde eininga, inneheld det einingane har fått med seg av overskot og underskot frå tidlegare år. Rekneskapsresultatet gjev såleis ikkje utan vidare uttrykk for resultatet av "fjorårets drift". Ei eining som t.d. har store overskot kan ha samla opp dette over fleire år.

Økonomisk styring – budsjettavvik

Det samla budsjettresultatet i einingane er i korte trekk prega av moderate utgifter til drift av sosialtenesta og at næringskontoret er tilført fondsmidlar som budsjettert, utan utgiftssida har hatt det omfang ein la til grunn.

Under følgjer kommentarar til dei største avvika og endringane.

Tenestetorget

har eit mindreforbruk på drygt 846 000,-, som skriv seg frå lågare lønnskostnader pga nedbemanning, og inntektsføring av premieavvik.

NAV Sosial

har fått ekstern finansiering til satsingar som har lagt inne i utgiftssida i budsjettet, slik som eit prosjekt på bustadsosialt arbeid og eit anna på kommunalt rusarbeid. Dette, saman med låge utbetalingar av sosialhjelp, har resultert i eit stort mindreforbruk.

Edland barnehage

Eininga hadde med seg kr 1 438 000 frå 2013 og summen har auka noko. Mindreforbruket ønskjer barnehagen å nytte til ombygging av kjøkken og asfaltering rundt barnehagen.

Næringskontoret


Eininga hadde med seg eit mindreforbruk på drygt 1,4 mill frå 2013 og dette skreiv seg frå løyvde, men ikkje utbetalte stønader til bruksutbygging og andre prosjekt, der utgiftene kom på eit seinare tidspunkt. Mindreforbruket har auka monaleg på gjennom langt lågare kjøp av tenester innan reiseliv og Vidda Vinn-prosjektet.

SAMFUNNET VÅRT SETT GJENNOM NOKRE TAL

Vinje hadde i 2014 ei negativ folketalsutvikling. Som ein ser av tabellen har det vore ei jamn auke i folketal frå 2010 til 2013 før det i 2014 kom ein nedgang. Nedgangen det siste året kjem på grunn av netto utflytting.

Statistikken syner at ein har relativt mange som både flytter inn og flytter ut av Vinje i løpet av eitt år. I 2014 er det 35 fleire som flytter ut enn som flytter til.

I 2014 hadde Vinje eit fødselsoverskot på ein person.



SERVICE


Vinje kommune har dei siste 12 åra hatt særleg sterk fokus på tilgjengelege tenester for publikum og næringsliv. Mest i høve til god bemanning og fyrstelinehjelp på tenestetorget. Vidare har me jobba aktivt for ein organisasjonskultur som fokuserer på svar- og handsamingstid. Me har tatt i bruk varsling til sakshandsamarar per e-post og SMS når til dømes viktige meldingar frå publikum må fram.

Den digitale kvardagen vår har endra seg drastisk dei siste åra. Me nyttar mobiltelefonar og nettbrett til å hente informasjon og utføre tenester. Mange ynskjer å betene seg sjølv når dei vil - ikkje berre når kommunehuset er ope. I dag har me mange digitale skjema i staden for dei papirbaserte. Dette gjer det enklare for brukarane å sende skjema til kommunen og me blir meir effektive internt.

Me utviklar stadig nye digitale tenester, slik at brukarane av kommunen kan nytte sjølvbeteningsløysingar når det passar for dei, uavhengig av opningstidene i kommunen. Sosiale media som facebook/twitter blir nytta til å informere om aktivitetar i kommunen – der me svarar på spørsmål også på kveldstid og i helgene.

Dei fleste som tek kontakt med kommunen kjem i kontakt med tenestetorget. Medarbeidarane her kan litt om det meste i kommunen, avklarar mange førespunader og hjelper såleis mange. Me må framleis bruke mykje ressursar for å halde oppe den faglege kompetansen som er avgjerande for slik god service.

Forbrukerrådet jobbar for ein service- og kvalitetsorientera kommunal sektor. I samband med at Vinje kommune blei kåra til landets nest beste kommune på service på bakgrunn av kommunetestar Forbrukerrådet utførte frå 2005 til 2013, har me bidrege til råd og tips som Forbrukerrådet skal nytte i informasjonsarbeid mot andre kommunar i landet.



MEDARBEIDARANE OG ORGANISASJONEN

I 2001 vedtok kommunestyret styringsprinsipp som ligg til grunn for organisering i flat struktur og for det praktisk arbeid i kommunen.

- *Innbyggjarane er i sentrum for all kommunal verksemd.*
- *Tenesteproduksjonen for innbyggjarar og brukarar blir organisert i naturlege einingar, med vekt på å vera nær brukar/mottakar og å ha samanheng i tenestene – såkalla resultateiningar.*
- *Færrast mogleg ledd mellom toppleiing og utførande ledd/person – to nivå for ansvar og mynde.*
- *Verksemdstyring tufta på rammebudsjettering, målstyring, verdistyring og resultatkrav/-måling.*
- *Sentralt plasserte felles støttefunksjonar og utviklingsoppgåver.*
- *All service og informasjon som ikkje naturleg blir dekt av dei andre einingane, blir samla på Tenestetorget.*
- *Mest mogleg effektiv bruk av IKT.*

Etiske retningsliner for tilsette og folkevalde

Vinje kommune har vedteke etiske retningsliner for både tilsette og folkevalde. Dei blei sist reviderte i 2013.

Vinje kommune legg stor vekt på å drive verksemda på ein open, ærleg og skikkeleg måte. Både folkevalde og tilsette har eit ansvar for å etterleve dette grunnleggjande prinsippet.

Som forvaltar av samfunnet sine fellesmidlar vert det stilt høge krav til etisk haldning hjå den enkelte.

Innhald i dei etiske retningslinene er:


- ❖ Retningsliner for tilsette sin bruk av sosiale media
- ❖ Bedriftskultur
- ❖ Informasjon
- ❖ Gåver og innkjøp

Personalpolitikk

Støtteininga Organisasjon, arkiv og IKT (OAI) er fagansvarleg for overordna personalarbeid.

Tal på årsverk

Tal på årsverk har hatt ein liten auke det siste året.



Likestilling og diskriminering

Administrasjonsutvalet er likestillingsråd i kommunen. Det har ikkje vore handsama saker siste året som har vore direkte knytt opp til temaet likestilling.

I kommunens administrative leiing, rådmann og einingsleiarar, er 11 av 18 leiarar kvinner.

Mangfald handlar om å kombinere ulikskap, slik at breidda i erfaringar og tenkemåtar kan bidra til utvikling og nyskaping. I samband med rekruttering, freistar ein å tilsette kandidatar frå det underrepresenterte kjønn. Det vert også tilsett personar med anna språkbakgrunn dersom dette høver, for å møte krava i diskriminerings- og tilgjengelighetslovgjevinga.

Lærlingar

Kommunen har tre lærlingar innan helsefag og ein innan barne- og ungdomsfag.

Vinje kommune er medlem av OKOS, Opplæringskontoret for offentlig sektor. Dette er eit profesjonelt organ som ivaretek samordning og oppfølging av lærlingane.

Sommararbeid for ungdom

23 ungdommar mellom 16 - 18 år hadde sommarjobb på ulike stader i organisasjonen, kvar på tre veker.

25-års jubilantar / pensjonistar



5 av dei 6 jubilantane




12 av dei 19 pensjonistane

Kvart år inviterar kommunen alle 25-års jubilantane og alle årets pensjonistar til ein festmiddag. Jubilantane får gullklokke med kommunevåpen og namn inngravert, eller ein sjekk dersom dei ikkje ynskjer klokke. Pensjonistane får ein akvarell. I 2014 hadde kommunen 19 pensjonistar og 6 jubilantar.

Medarbeiderutvikling

Vinje har starta med systematisk forbetningsarbeid, for mange kjent som *Lean*, bygd på medarbeidarskap og brukarinvolvering. Desse prosessane er medarbeidar- og brukardrivne, og deira bidrag er avgjerande for om vi lukkast. Måla er enno betre trivnad, lågare sjukefråver, betre

tenester og ei enno meir meningsfull medarbeidarrolle.



Tryggjande kontroll


Med bakgrunn i rundskriv av 21. juni 2013 frå Kommunal og regionaldepartementet om iverksetting av endringar i kommunelov, gjer ein greie for dei tiltak rådmannen set i verk for å sikre tryggjande kontroll (internkontroll). Internkontroll er integrert i den ordinere verksemdsstyringa og det er gjort følgjande konkrete tiltak for å vidareutvikle internkontrollen:

- Det er gjennomført risikoanalyser for einingane si tenesteutføring
- Det er gjennomført forbetringstiltak i tenestene i samband med oppfølging av uønskte hendingar og tilsyn frå regionalt nivå

Nytt kvalitetssystem er framleis under innføring. Kvalitetssystemet skal gje organisasjonen tilgang til eit system som understøtter arbeidet med internkontroll, gjennom å gje ein god og enkel dokumentasjon av rutinar, sikre kontinuerlege forbetring og læring, samt avdekke sviktande kvalitet. Bruk av systemet skal bidra til å sikre kvaliteten på tenestene, samt å hjelpe dei tilsette til å utøve jobben på ein effektiv måte, samstundes som reglar og instruksjer blir følgt.

Sjukefråvèr

Vinje kommune er ei IA - verksemd, der målet er å redusere sjukefråvêret. Me ynskjer at alle tilsette skal trivast med arbeidet sitt og skånast mot fysiske og psykiske helseskadar slik at me får eit lågast mogleg sjukefråvèr. Det vert jobba systematisk med sjukefråvèrsproblematikken, og me har ein formalisert dialog som tek til etter at sjukefråvêret har vart i fire veker i tillegg til fleire andre tiltak.



Sjukefråvêret gjekk ytterlegare ned etter nedgangen i 2013 og er no på det lågaste sidan 2006 og ligg på 5,48% totalt.

IA-bedrift

Vinje kommune har vore IA bedrift (Inkluderande arbeidsliv) sidan 2002. Det vart i 2014 inngått ei ny samarbeidsavtale mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten ved NAV Arbeidslivssenter, denne gjeld fram til 31.12.2018

Målet med IA avtala er å førebygge og redusere sjukefråvêret, betre arbeidsmiljøet og styrke inkluderinga.

Bedriftshelseteneste

Kommunen har avtale med Stamina Helse, avdeling Kongsberg, om levering av bedriftshelse- HMS – teneste (Helse-, Miljø- og Sikkerheit).

Samarbeidet med Stamina fungerer bra, men for å få til ei god teneste, har det vist seg at det er heilt naudsynt at kommunen opprettheld stillinga som HMS – rådgjevar. Denne funksjonen samordnar tenesta, hjelper einingsleiarane med oppfylging av sjukefråvêr, og er kontaktperson mellom einingane og Stamina.

Trim og aktivitetskort

Frå 2008 har kommunen hatt ei trimordning der alle som gjennomfører 45 min trim to gonger pr. veke får eit gavekort i premie. Alle er òg med på trekning av større gevinstar som dei tre sportsbutikkane i kommunen har sponsa i tillegg til eit reise-gavekort som er gjeve av eit reisebyrå. Talet på dei som er med på ordninga har halde seg nokolunde stabilt, og i 2014 deltok ca. 40% av dei tilsette.



Vinnarane Margit Christenson Aarhus, Laila Veslestaul og Vaida Lamsoidine står her med rådmannen, representantar frå sportsbuine og frå OAI, som er ansvarlege for gjennomføring av ordninga.

Tillitsvalde

I Vinje er det tre hovudtillitsvalde og 16 tillitsvalde/kontaktpersonar frå arbeidstakarorganisasjonar. Dei tre hovudtillitsvalde har frikjøp av tid: Fagforbundet 80%, Utdanningsforbundet 36%, og Norsk sjukepleiarforbund 20%.

Fagforbundet og Utdanningsforbundet har medlemmer i Administrasjonsutvalet og i Hovudarbeidsmiljøutvalet.

Hovudverneombodet blir valt av og blant Fagforbundet sine medlemmer.

Samrådsmøte

Om lag ein gong i månaden har rådmannen møte med hovudtillitsvalde og hovudverneombodet. Her blir det teke opp ulike problemstillingar som vedkjem dei tilsette.

PLAN OG UTVIKLING

Desse tenestene høyrer inn under støtteeininga Økonomi, Plan og Utvikling. Eininga har, utover kommunens totale økonomiforvaltning, ansvar for den overordna- og detaljerte arealplanlegginga i kommunen, og skal vera ein motor i kommunens prosjekt- og utviklingsarbeid. Under dette høyrer kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar og temaplanar.

Utvalde KOSTRA-tal

	<i>Vinje</i>	<i>Like kommunar</i>	<i>Tokke</i>	<i>Tinn</i>
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging pr. innbyggjar	2 208	872	879	1 368
Netto dr.utg. til plan/kart/bygg ift. tot. driftsutg. i %	3	1,3	1,1	2

Tala over syner at det framleis er høgt aktivitetsnivå innan planlegging i kommunen, mykje knytt til eigedomsutvikling for fritidsbustader. Vinje har i fleire år lagt på Noregstoppen når det gjeld hyttebygging målt i byggeareal, og er no landets fjerde største hyttekommune målt i tal einingar. I 2014 vart det igangsett bygging av 125 fritidsbustader i kommunen, mot 170 året før. Fullført bruksareal i 2014 var 15 452 kvadratmeter.

Mål for 2014

Måloppnåing 2014

Vidareføre planlegginga for Åmot Vinjesvingen, med oppstart av reguleringsarbeidet for strekninga.	Gjennomført eit møte i samferdselsdepartementet om løyving av midlar til føremålet, utan resultat.
Det skal til ei kvar tid er byggeklare tomter i alle tre delar av kommunen.	Målsetjinga er nådd for tettstadane. Ein er også i prosess med bustadfelt i Øy fjell.
Sakshandsamingstid for private reguleringsforslag skal i gjennomsnitt ikkje overstige 120 dagar.	Ikkje nådd. Snittet ligg noko høgare.
Ferdigstille rullering av kommunedelplan Vågslid.	Vågsliplanen er ikkje ferdig, slik ein hadde målsetjing om.
Følgje opp planstrategi for 2012 – 2015	Planavdelinga har hatt redusert bemanning ein lang periode, slik at ein ikkje har klart å nå målet i 2014.

NÆRING

Overordna mål:

- Vinje skal vera ein aktiv og stor reiselivskommune
- Vinje skal satse på utbygging og fornying av landbruket
- Vinje skal vera ein verdiskapande utmarks/fjellkommune
- Vinje skal leggje til rette for verdiskaping som fylgjer av reiselivsutbygging

Turisme og reiseliv

I 2014 har ein arbeidd mykje med å auke den ordinære utleigekapasiteten, gjennom å sjå på rammene for ein frikjøpsmodell for hytter som har sal- og tilbakeleigevilkår i dag. Reiselivsgruppa er etablert og det er gjennomført 5 møte i 2014. Denne gruppa skal sjå nærare på organisering og finansiering av fellesgode innan turistnæringa, samt vurdere tiltak som aukar attraksjonsverdien for destinasjonen.

Det er også inngått fleire utbyggingsavtaler som er med å bidreg til utbygging av reiselivsmessig infrastruktur. For forvaltning av desse midlane er det etablert arbeidsgrupper for Vågsli og Rauland.


Opprusting av hytta på Fjarefit

Hytta vart stengt 3. mars. Det vart då igangsett full renovering av stove/kjøken og to soverom. Open løysing stove/kjøken. Ny pipe, nytt golv, full isolering, nytt kjøken, nytt solcelleanlegg, paneling av tak og veggar. Hytta vart opna for bruk 10. august.

Landbruk

Forvaltning av tilskotsordningar – kr 18,5 mill. i produksjonstilskot, kr 1,1 mill. i regionalt miljøtilskot (RMP), kr 1,2 mill. i kommunale investeringstilskot, kr 800 000,- i investeringstilskot frå Innovasjon Norge, kr 400 000,- i spesielle miljøtilskot i landbruket (SMIL-midlar).

Utvikling i utbetalinga av ulike tilskotsordningar, både innbyrdes prosentvis utvikling og i reelle tal, går fram av figurane under.



SKULE

<i>Edland skule</i>	<i>Rauland skule</i>	<i>Åmot skule</i>	<i>Øyfell oppvekstsenter</i>
-------------------------	--------------------------	-----------------------	----------------------------------

Vinjeskulen er tre kombinerte barne- og ungdomsskular og eitt oppvekstsenter med barnehage og skule frå fyrste til og med sjuande trinn. Hausten 2014 vart det store endringar i skuleleiargruppa. Dag Rune Sandvik kom inn som oppvekstsjef på Øyfell oppvekstsenter. Rune Sudbø tok over som skulesjef Åmot skule, medan Sten Rune Sannerholt kom attende som skulesjef på Rauland etter eit års permisjon. På personalsida var alle skulane godt stilt med godt utdanna stab etter nasjonale standardar og krav.

Overordna mål for arbeidet i skulane

- Dei faglege resultata skal liggje stabilt over landsgjennomsnittet.
- Elevar som syner engasjement, kreativitet og evne til å presentere kompetansen sin.
- Alle elevar skal ha eit godt læringsmiljø.

Satsingsområde:

- Vurderingspraksis som gjev auka læringsutbytte
- Lesing i alle fag som eit viktig satsingsområde
- Klasseleiing
- Auka samarbeid på tvers av skulane i Vinje – for elevar og tilsette
- Alle ungdomsskulane i Vinje er med på den statlege satsinga Ny giv - Ungdomsskulesatsinga
- Prosjekt " Skulen som arena for barn og unges psykiske helse", og " De unges arena".

Vaksenopplæring

All vaksenopplæring i kommunen er lagt til Åmot skule. Dette gjeld grunnskuleopplæring og norsk/samfunnsfag for elevar på overgangsordning, og for dei som har rett og plikt til å få dette etter

NIR - registeret. Introduksjonsordninga som er eit heiltidstilbod 37,5 timars opplegg 47 veker i året er no det vanlegaste opplegget. Alle som kjem inn under introduksjonsordninga har rett til to år og kan få tilbod om eit tredje år om dette kan vere med på å sikre vidare utdanning og eller jobb.

Elevtalsutvikling

Det har vore ein stor nedgang i elevtalet frå 06/07 og fram til i dag, men utviklinga framover ligg rundt nivået for inneverande skuleår. For dei to siste åra har me faktisk hatt ei auke. Me ser at det er store svingingar her.



Kostratal

	<i>Vinje</i>	<i>Telemark</i>	<i>Tokke</i>	<i>Tinn</i>	<i>Like</i>	<i>Landet</i>
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskulesektor pr. elev	167 428	117 668	163 316	148 697	138 893	109 945
Driftsutgifter til undervisningsmateriale pr. elev	4020	1387	1875	2062	1907	1 400
Elevar med spesialundervisning i %	7,9	8,9	4,4	7,1	10,5	8,0
Brutto driftsutgifter til skulefritidstilbod pr. kom brukar	20 743	29 112	28 305	41 439	28 215	25 672
Del av innbyggjarar 6-9 år i SFO	54,7	59,3	48,5	74	47,5	60,2
Netto driftsutgifter til vaksenopplæring pr. innbyggjar	278	360	-43	36	136	192
Elevar med direkte overgang frå grunnskule til vg opplæring	100%	98,3%	100%	96%	98,2%	98%
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	40,2	39,2	41,3	41,4	-	40,4

Nokre av desse tala er særst avhengige av svingingar i årskulla. Dette gjeld særleg punkta om spesialundervisningsprosent og grunnskulepoeng. Det er gledeleg at me etter målretta arbeid har senka talet på elevar med spesialundervisning frå 12 til 7,9 % på fem år. Sjølv om Vinjeskulen ligg godt ann i høve til fylket er særleg grunnskulepoeng sett opp på så lågt talgrunnlag at det er meir interessant å sjå tendensar over tid. I eit sjuårsperspektiv ligg Vinjeskulen i snitt over alle dei me samanliknar oss med.



Skulemat på alle skulane kvar einaste dag er eit viktig virkemiddel for høg trivsel.. Denne satsinga frå kommunen vert gjenspegla i kostratala som dreier seg om driftsutgifter per elev. Her har me i Vinjeskulen om lag dobbelt så høge utgifter som dei me samanliknar oss med. Dette er det tverrfagleg politisk vilje til å halde fram med.

Biletet er frå påskelunsjen i Edland som er integrert i 9. klasse sitt opplegg i faget mat og helse.

Måloppnåing

<i>Mål for 2014</i>	<i>Måloppnåing 2014</i>
Dei faglege resultatata i Vinjeskulen skal ligge over landsgjennomsnittet.	Utifrå resultatata på dei nasjonale prøvene er det klart at Vinjeskulen ikkje har nådd måla sine med å ligge over landsgjennomsnittet. Særleg på barneskulen ser me at me ligg godt under både fylket og landet elles. Dette er sjølv sagt for dårleg, men ein må sjå bak tala også. Medan fylket og landet elles ligg på om lag 5 % fritak for elevar med særlege vanskar, har Vinjeskulen fritak frå 0 til 3 %. Det gledelege med målingane er at me på ungdomsskulenivå nesten har utlikna avstanden opp til dei andre. Ser me på grunnskulepoenga ligg me over landsgjennomsnittet. Det er viktig å sjå at me har utfordringar fagleg. Prosjekta <i>Betre læring</i> og <i>Skulen som arena for psykisk helse</i> er satsingsområde me trur vil gje gode resultat på sikt. Frå hausten 2015 blir Vinjeskulen også me på det statleg initierte <i>Ungdomsskolesatsinga</i> .
Elevar som syner engasjement, kreativitet og evne til å presentere kompetansen sin	Gjennom UKM og mange andre arrangement syner elevane i Vinjeskulen got engasjement og kreativ evne og dugleik.
Alle elevar i Vinjeskulen skal ha eit godt læringsmiljø	I den nasjonale elevundersøkinga svarte Vinjeskulens sjuandeklassingar at dei trivst mindre, er mindre motiverte og får mindre støtte enn elevar i resten av landet har svart. I tillegg ser det ut til at me har ei utfordring med litt mobbing på barnetrinnet. På ungdomsskulen derimot det oppgjev elevane at dei trivst godt og er meir tilfreds med skulekvardagen enn landssnittet på 7 av 13 punkt. I fylgje elevundersøkinga er me ikkje er gode nok på

læringsmiljø for alle i Vinjeskulen.

Resultat nasjonale prøver 5.klasse 2014

Indikator og nøkkeltall	Vinje kommune	Telemark fylke	Nasjonalt
Engelsk	46	50	50
Lesing	45	49	50
Rekning	45	50	50

Resultat nasjonale prøve10.klasse 2014

Indikator og nøkkeltall	Vinje kommune	Telemark fylke	Nasjonalt
Engelsk	48	49	50
Lesing	49	49	50
Rekning	49	48	50



Elevane i Vinjeskulen er dyktige på å opptre og syne fram mange talent.

Her er eit glimt frå bygdekvalden i Øyfjell der alle elevane deltok i mellom anna ei glitrande parodi på eit kommunestyremøte om kommunereformen.

BARNEHAGE

Åmot barnehage med avdeling Vinje	Rauland barnehage	Edland barnehage	Øyfjell oppvekstsenter
--------------------------------------	----------------------	---------------------	---------------------------

Vinje oppvekstsenter blei lagt ned 1.8.2013. Barnehagedelen av oppvekstsenteret er no ei avdeling av Åmot barnehage.

Overordna mål for arbeidet i barnehagen

- 1.1 Auka fokus på kvalitet og effektiv drift i Vinjebarnhagen, vere i forkant i høve til sentrale og kommunale krav.
- 1.2 Styrke barnehagen som læringsarena
- 1.3 Alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap
- 1.4 Barn i Vinje skal ha trygge og utfordrande oppvekstvilkår

Utvalde KOSTRA-tal

	Vinje	k.gr 03	Telemark	Tinn	Tokke	Landet
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. barn i barnehagen	201 637	176 171	176 018	209 368	228 382	174 744
Del av barn 1-5 år med barnehageplass i %	93,3	91,0	90,5	102,4	87,8	90,2
Del av pedagogisk personale med godkjent førskulelærerutdanning	87,1	88,0	95,2	91,7	84,2	90,0
Prosentdel minoritetsspråklige barn	8,8	10,5	13,2	15,0	8,2	14,4

Fordeling av finansiering for kommunale plassar:

Opphaldsbetaling i %	9,8	13,6	13,2	10,0	10,4	13,8
Statstilskott i %	0,1	0,5	1,2	2,5	0,4	1,1
Kommunale driftsmidler i %	90,1	85,9	85,7	87,5	89,3	85,1



Ungar frå barnehagen i Øyfjell oppvekstsenter har flotte læringsarenaer både inne og ute. Dette er felles for alle barnehagane i Vinje.

Mål for 2014	Måloppnåing 2014
<p>Auka fokus på kvalitet og effektivitet</p>	<p>Lieiinga i alle Vinjebarnhagane har delteket i ulike samarbeidsfora på vers av einingar i kommunen og på tvers av kommunar. Leiargruppa i barnehagen har vore med og bidratt aktivt i ulike møtearenaer som har heva kompetansen i høve til arbeid med barn. Ein har kjøpt inn Ipad og pedagogisk programvare til mange avdelingar. Har hatt felles planleggingsdagar for alle tilsette i Vinjebarnhagen, kurskveldar i barnehagen og rettleiing for pedagogane i samarbeid med Bro Aschehoug. Alle assistentane i Vinjebarnhagen har hatt felles møte og kurs for auka kompetanse.</p> <p>2014 vart det gjennomført brukarundersøking. Høg grad av tilfredse brukarar på dei fleste område. Unnatak her var informasjonsflyt og opningstid som mange meinte var for kort. Som ei fylgje av dette, vart organisering av utvida opningstid utreda. Dette vart vedteke politisk hausten 2014 med verknad frå 02.01.15. Alle barnehagane fekk då rammer til lengre opningstid morgon og ettermiddag kvar dag.</p>
<p>Styrke barnehagen som læringsarena</p>	<p>I Vinjebarnhagen har ein eit sterkt fokus på barnehagen som ein utviklande læringsarena og ikkje ein oppbevaringsplass. Alle barnehagane har hatt fokus på vaksenrolla og den tause kunnskapen hjå assistentane. Personalutvikling har vore viktig kvalitetsarbeid. Språkplanen har blitt revidert. Språkleikar står sentralt i alle barnehagane. Barnehagen skal førebu barna på vidare skuleløp og</p>

	<p>stø opp om begrepsapparatet til barna. Praktisk erfaring med tal og storleikar er også viktig i Vinjebarnhagen.</p> <table border="1" data-bbox="738 405 1353 719"> <thead> <tr> <th></th> <th>Vinje</th> <th>Like</th> <th>Telemark</th> <th>Tokke</th> <th>Tinn</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Prosentdel barnhageutdanna i Vinjebarnhagen</td> <td>35,7</td> <td>32,2</td> <td>38,1</td> <td>33,3</td> <td>31,9</td> </tr> <tr> <td>Tal på barn per årsverk i barnehagane</td> <td>5,2</td> <td>5,4</td> <td>6,1</td> <td>4,7</td> <td>5,3</td> </tr> <tr> <td>Kvadratmeter leikeareal per barn i barnehagane</td> <td>8,3</td> <td>7,3</td> <td>5,6</td> <td>11,0</td> <td>6,0</td> </tr> </tbody> </table> <p>Det er mange faktorar som avgjer kvaliteten på barnehagetilbodet. I denne tabellen ser ein at nokre utvalde sentrale kostratal syner at Vinjebarnhagen ligg godt ann i høve dei me samanliknar oss med.</p>		Vinje	Like	Telemark	Tokke	Tinn	Prosentdel barnhageutdanna i Vinjebarnhagen	35,7	32,2	38,1	33,3	31,9	Tal på barn per årsverk i barnehagane	5,2	5,4	6,1	4,7	5,3	Kvadratmeter leikeareal per barn i barnehagane	8,3	7,3	5,6	11,0	6,0
	Vinje	Like	Telemark	Tokke	Tinn																				
Prosentdel barnhageutdanna i Vinjebarnhagen	35,7	32,2	38,1	33,3	31,9																				
Tal på barn per årsverk i barnehagane	5,2	5,4	6,1	4,7	5,3																				
Kvadratmeter leikeareal per barn i barnehagane	8,3	7,3	5,6	11,0	6,0																				
<p>Alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap</p>	<p>Antimobbearbeid står på dagsorden på avdelingane. Dette er eit arbeid som er i gang kontinuerleg, sjølv om ikkje handlings- og tiltaksplanen vart rullert i året som gjekk. Tilsette har fått rettleiing i høve til korleis ein møter barn med ulike utfordringar. Det blir bruka praksisforteljingar som utgangspunkt for refleksjon over eige arbeid. Stor vektlegging av tidleg innsats når det gjeld å sjå barn med særskilde behov.</p>																								
<p>Alle barn i Vinje skal ha trygge og utfordrande oppvekstvilkår</p>	<p>I Vinjebarnhagen har ein hatt fokus på sosial kompetanse gjennom fokuset på lek. Sunt kosthald er innarbeid i personalgruppa, og ein har laga meir mat ute enn tidlegare. Utegruppe for dei eldste er ikkje gjennomført så systematisk som ein hadde tenkt seg denne hausten på grunn av sjukdom og mangel på vikarar. Arbeidet med det fysiske miljøet er i fokus heile året. Her gjer ein endringar gjennom året for å tilpasse det til gruppa og enkeltbarnet sine behov. Dette er avhengig av godt samarbeid med heimane. Ein må saman finne ut kva som er til barnets beste. Gjennom ulike aktivitetar og utfluktar blir barna i Vinjebarnhagen kjende og trygge i nærmiljøet sitt. I tillegg legg ein til rette for god overgang til skule gjennom å fylgje planen med fleire møte, informasjonsoverføring og samarbeid.</p>																								

HELSE, OMSORGS- OG SOSIALTENESTER

Satsingsområde

Tilpassing av organisasjon for å nå mål og effektiv drift og reduserte kostnader/dempa utgiftsvekst jf. kommunestyrevedtak 2012. Iverksette tiltak som fylgje av revisjonsrapport for Helse og omsorg 2012. Etablering av nytt bu-tilbod for funksjonshemma i Åmot frå årsskiftet 2014/2015.

Mål 2014 - eininga samla:

- Sikre heilskaplege og koordinerte tenester;
- Tilpassing til endra oppgåver, jf Samhandlingsreforma
- Heilskapleg personalpolitikk
- Effektiv drift

Mål og måloppnåing i 2014

<i>Mål for 2014</i>	<i>Måloppnåing 2014</i>
Elektronisk samhandling; Utveksling av elektroniske meldingar mellom fastlege, pleie- og omsorg og sjukehus: Mål 100%.	Målet er nådd. Kommunikasjon fungerer mellom lege - pleie og omsorg og sjukehus. Byggast ut vidare i 2015, med elektroniske epikriser, laboratoriesvar osv.
Kommunen skal ta imot pasientar same dag som dei er utskrivingsklare. Mål 100%.	Målet er nådd - kommunen har ikkje hatt overliggarar i sjukehus i 2014, og har ikkje hatt utgifter til dette.
God kapasitetsutnytting; Faktisk tal liggedøgn i langtidsavdeling Vinje sjukeheim ht kapasitet: mål 97%	Resultat 97%. Målet er nådd.
God kapasitetsutnytting; Faktisk tal liggedøgn i korttid-savdeling Vinje sjukeheim i ht kapasitet.	Ikkje nådd som fylgje av låg aktivitet ved korttidsavdelinga fyrste halvår. Situasjonen motsett siste halvår, med kapasitetsutfordringar. Dette krev god styring av bruk av plassar.
Kommunal akutt døgnplass (KAD); Plasstal/ utnytting: Mål 2, akseptert nivå 1	Ut over året har kommunane tatt KAD-plassane i bruk i større grad. Vinje med 124 døgn, Tokke med 29. Auken held fram. Avdelinga har god kompetanse i høve til å løyse dei oppgåvene dei har, med legetilsyn dagleg, spesial-sjukepleiarar/sjukepleiarar, samt erfarne og dyktige helsefagarbeidarar.
Redusere del uynskt deltid; Auke stillingsstorleik på 20-30 tilsette.	Også dette året har mange fått auka sin stillingsstorleik.

Kompetanse; Auke del faglærte i pleie: auke 2%. Auke del tilsette med høgskulekompetanse. Mål: 4%	Det er iverksett tiltak for å nå målsetjingane, men fagprøver for dei som har tatt teori 2014 blir halde i 2015, og ein ventar difor ikkje å sjå effekt før då.
Trening på resept – frisklivs-sentralen; Tal grupper: Mål: 2/år	Gjennomført som planlagt.
Tenesteområda	
Framtidig organisering av legetenester: sak for politisk handsaming	Kommunestyret vedtok dette i april 2014.
KAD døgnplass: Regulere samarbeidet mellom dei samarbeidande kommunane Tokke og Vinje i form av avtale.	Avtale er på plass.
Vinje sjukeheim –omsorgssentra; Vurdere framtidig behov for sjukeheimplassar opp mot organisering av omsorgssentertilbod. Med bakgrunn i bebuargruppe og fysiske tilhøve ved Rauland er det naturleg å sjå på fordeling av pasientar mellom sjukeheim og Rauland omsorgssenter fyrst.	Her gjenstår arbeid. Dette bør fylgje arbeidet med Helse og omsorgsplan. Avdelinga Solheim ved sjukeheimen er vedteke opna att i 2015.
Førebyggjande tenester, Friskvern – friskliv; Pol. sak vår 2014 – grensegang offentleg/friviljug sektor Markering 30-årsjubileet for satsinga i Vinje	Samarbeidet mellom friviljug og offentleg sektor har vore i fokus. Behov for å fylgje opp dialogen med idrottslaga i 2015. Markering av 30 år med Friskliv vart utsett til mars 2015.
Helsesystemtenesta; Vidareføring og utvikling av småbornsteam, samt ungdomshelseteam. Deltaking i prosjekt Psykisk helse i skulen.	Småbornsteam er sett i ordinær drift etter prosjektperiode. Ungdomsteam utsett til 2015, grunna påvente av tilsetjing av stilling på Nav. Helsesystemtenesta deltek i prosjekt psykisk helse i skulen.
Psykisk helse; Vidare arbeid med organisering og profil på tenestene.	Det er etablert turnus med arbeid dag og kveld ved Bruli.

<i>Oppfølging kronikargrupper</i>	
Diabetes	DIAoppfølging er vidareført. På sikt vurderar ein at det er trong for å utvide ressurs her.
Kreft-team/kreftsjukepleie	27 pasientar har fått oppfølging av kreftteamet i 2014.
Vidareføring demensteam	Aktiviteten i demensteam har vore lågare enn normalt siste halvår som fylgje av permisjon i stillinga og mangel på vikar.
Utvikling KOLS-team (i nettverk med STHF og kommunane)	KOLS-team oppretta. 20% stillingsressurs er sett av til koordinering.

Utvalde Kostratal

	Vinje	Tokke	Tinn	Like kommunar
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar - kommunehelsetenester	6 162	5 735	4 930	3 906
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar - omsorgstenester	25 286	27 969	21 331	21 893
Netto driftsutgifter til førebygging, helsestasjon og skulehelseteneste pr. innbyggjar 0 – 20 år	4 663	3 165	3 560	2 466
Netto driftsutgifter pleie og omsorg pr innbyggjar over 67 år	156 824	155 159	123 572	131 740
Netto driftsutg. til diagnose, behandling og rehab. pr innb.	4 852	4 744	3 832	3 085
Fysioterapiårsverk pr. 10000 innb. – kommunehelseteneste	16,2	17,8	10,1	10,4
Legeårsverk pr. 10 000 innbyggjar	15,4	16,9	11,8	13,6
Fastlegeregister. Gjennomsnittleg listelengde (stk)	714	701	1 263	786
Plassar i institusjon i % av mottakarar av pleie og omsorgstenester	13,8	23,3	18,4	19,1
Andel plassar i institusjon og heildøgnsbemanna bustad i prosent av befolkning over 80 år	54	44	29	34
Tal på plassar i brukartilpassa einarom med eige bad/wc i %	100	58,5	100	82

Barnevern

Barnevernssamarbeidet for Vest-Telemark omfattar alle seks kommunane og har Kviteseid som vertskommune. Samarbeidet feira 10 årsjubileum i 2014, med markering i Vrådal og synte fram utstillinga "Hvis klær kunne snakke". Utstillinga vart deretter også synt fram i dei andre Vest-Telemarkkommunane. Vinje kommune starta som oppfølging av utstillinga ei tverrfagleg gruppe som skal arbeide med det vanskelege temaet, *vald i nære relasjonar*. Vinje kommune skal ha ein klar strategi på korleis me avdekkjer og motarbeider dette alvorlege og store samfunnsproblemet.

Utvalde kostratal

	Vinje	Tokke	Tinn	Like kommunar
Netto driftsutgifter til saman pr. innbyggjar	1 519	1 105	3 108	1 951
Netto driftsutgifter pr. barn plassert av barnevernet	196 300	144 750	300 686	-
Netto driftsutgifter pr. barn med tiltak	143 641	130 947	216 224	-
Andel barn med barnevernstiltak 0 til 17 år	5,2	4,2	7,2	-

Sosialteneste

	Vinje	Tokke	Tinn	Like kommunar
Netto driftsutgifter til sosialtenester pr. innbyggjar	1 246	1 246	2 192	1 454
Netto driftsutgifter i % av samla netto driftsutgifter	1,7	1,5	3,2	2,2
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar 20-66 år	2 099	2 140	3 713	2 454
Netto driftsutgifter til øk. sosialhjelp pr. innbyggjar 20-66 år	540	476	1 178	1 183
Andel mottakarar med sos.hjelp som hovudinnt.kjelde i %	32,2	43,3	47,4	-

Den positive utviklinga i sosialutgifter som vi har sett dei siste åra, haldt fram i 2014. Dette er eit resultat av låg arbeidsløyse og godt fagleg arbeid frå kommunens NAV-kontor som også i 2014 var fylkets beste. Alle under 30 år har fått tilbod om arbeid eller tiltak, samarbeidet med kommunens næringskontor er formalisert og ein kan syne til 100% måloppnåing på kvalifiseringsprogrammet.

Vinje kjøkendrift

Kjøkenet er sentralkjøken for Vinje kommune og leverar mat til sjukeheimen, heimebuande og ein del servering i kommunal regi.

Mål for 2014	Måloppnåing 2014
Utarbeide ny samarbeidsavtale med Helse og omsorg	Arbeid med samarbeidsavtale ikkje ferdig, stort arbeidspress på Helse og omsorg har gjort det vanskelig til nå å bli ferdig med ei avtale. Håper å koma i gang att så snart som råd.
Halde dei økonomiske rammene.	Har stort sett greidd å halde ramma, men må heile tida gå på akkord med kvalitet på matinnkjøp. Råvarer av god kvalitet kostar, særleg kjøtt og fisk. Kjøkenet ynskjer i stor grad å nytte ferske råvarer og produsere mest mogleg sjølv, men må på grunn av pris også bruke heil og halvfabrikata vare. Har dei siste 7 åra hatt kr 35,- pr. porsj til råvarekostnad, som etter kvart er i minste laget.
Betre kunnskap om diettar og tilpassa kost.	Har starta arbeid med å utarbeide og kvalitetssikre reseptar, men ein del gjenstår. Må ta det i samanheng med den nye matinformasjonsforskriften. Liten tilgang på kurs i diettar og liknande. Hospitering er mogleg, men med stort arbeidspress på eininga er det vanskeleg å sleppe frå det daglege arbeidet.

TEKNISK DRIFT OG VEDLIKEHALD

Desse tenestene er organisert under Teknisk Drift og vedlikehold (TDV) og Reinhald og Tekstil (ROT), medan geodata-området ligg til Økonomi, Plan og Utvikling (ØPU).

Kommunens tekniske tenester skal yte gode tenester innan kart, oppmåling, vatn, kloakk, bygningsvedlikehald for skular, barnehagar, kulturbygg, helsebygg samt utleigebustader. Vinje kommune skal drifte vegar, bruer, plassar og grøntanlegg på ein god måte. TDV skal vidare syte for at vedteke investeringar vert gjennomført på ein forskriftsmessig, forsvarleg og god måte. Hausten 2014 vart det starta opp eit arbeid med å lage ein vedlikehaldsplan for alle kommunens bygg og installasjonar.

TDV har gjennomført investeringar på nærmare 90 millionar. Det største prosjektet i 2014 var bygging og ferdigstilling av Svingen bufellesskap, som stod ferdig til bruk i desember. I tillegg var desse prosjekta viktige i året som gjekk:

- Krontveit bustadfelt
- Vassforsyning Rauland – Holtardalen høgdebasseng
- Rauland sentrum – parkeringsareal
- Lidvegen, Heievegen og Heiebru
- Vinjehuset parkering
- 600 m gang/sykelsti langs med f-37 for stat og fylke




Svingen Bufellesskap stod ferdig som planlagt i desember 2014. Bebuarar og tilsette flytte inn 13. januar 2015. Bygget har fått mange lovord for både prosess og sluttprodukt. Ferdigresultatet ligg godt innanfor løyvde rammer.

Ny hovudplan for vatn og avløp er teken i bruk og har blitt viktig styringsreiskap. Ny vegplan vart òg vedteke og starta opp i 2014. I tillegg har TDV gjennomført energimerking av tre bygg. Som det kjem fram av denne meldinga er det høgt og variert aktivitetsnivå på TDV. Då er det samstundes flott å sjå at eininga har historisk lågt sjukefråvere. Lågast i Vinje kommune 2014 på 1,4 %.

Utvalde gebyrsatsar innan området:			
	Vinje	Tokke	Tinn
Vatn	1 890	2 845	2 957
Avløp	3 294	5 702	2 610
Renovasjon	2 480	2 410	3 731
Feiing og tilsyn	673	580	473
Total	8 337	11 537	9 771

Som ein ser av tabellen har Vinje kommune eit rimeleg lågt gebyrnivå som regulerast etter sjølvkostprinsipp og deflator.

Beredskap



Det har vore i alt 100 hendingar. 17 av dei har vore trafikkulukker, medan 50 var alarmer knytt til brann. 25 av oppdraga er knytt til såkalla «first responder». «First respondere» er ei ordning der lokalt brannvesen blir varsla via AMK, der ambulansen er meir enn 20 minutt unna. Desse skal så rykke ut med hjartestartar medan ein ventar på ambulanse- og legevakslege, i situasjonar der desse ikkje er i nærleiken. Det vart hausten 2014 i samarbeid med politi og Raude krossen gjennomført stor beredskapsøving og rutinegjennomgang ved terrorhandling på kommunehuset.

Samferdsel

Kommunale vegar sorterer under TDV, mens trafikkplanar og høyringar ligg under Økonomi. Plan og utvikling. (ØPU). Av store vegprosjekt gjennomført 2014 er Varlandsvegen på Møsstrand i regi av fylket, medan kommunen har forskottert for Statens Vegvesen delar av finansieringa av omlegging E-134 strekninga Grungedal - Edland.

Arbeidet har hatt god framdrift men har sjølvsagt gjeve ein del utfordringar med kødanning og forseinkingar.

Anna

Enorme snomengder i januar og februar gav store utfordringar med å halde vegar kørbare og sikre bygningar og tak mot overvekt. Iherdig innsats gav minimale skader men ein del overforbruk på drift og lønsbudsjett. Rask snosmelting og uvanleg mild haust med rekordnedbør gav fulle vassmagasin i heile Vinje. God planlegging og handsaming av tilhøva av Statkraft gjorde at utfordringane vart løyst med minimale materielle skader. Høg vassføring ved Sundflaten var einaste unnataket der elva gjorde køyring umogleg og nokre fastbuande vart veglause i ei kortare periode. Kommunen har vore i kontakt med Statkraft som meiner problematikken er under kontroll.

KULTUR

Kultureininga i Vinje kommune er samansett av 9 kulturskulemedarbeidarar, og eit kontor med fire kulturleiarar og –sakshandsamarar, samt bibliotek og friviljugsentral.. Kultur ein viktig del av Vinje kommunes identitet og drivast i stor grad av friviljug innsats og dugnad. Kommunens rolle er administrator, tilretteleggar og kompetanseberar.



Førestillinga Prøysen i 100 med Ellen B. Nordstoga skapte stort engasjement og mykje glede. Her frå Helsesenteret i Åmot.

Satsingsområde

Fylje opp kulturplanen. Arbeidt for nasjonalt senter for litteratur. Idèskisse og intensjonsavtale om Vinje-senteret er underteikna. Eining for kultur skal òg fylgje opp kommunale vedtak og interne prioriteringar.

Kultureininga er ansvarleg for kulturskulen, biblioteka, samordna ungdomsarbeid, friviljugsentralen, tilskipingar, Den kulturelle skule- og barnehagesekken, m.m.

Bibliotek

Hovudbiblioteket ligg i Åmot, med filialar på Rauland og Edland. Utlånstala er stabile men noko lågare enn me ynskjer. Endra lesevaner og nye medium blir trekt fram som moglege årsaker. Dette er ein trend det er viktig å jobbe vidare med å snu.

Kulturskulen

Kulturskulen har eit stabilt elevtal og det er undervisning på alle fire skulane i kommunen.



Kulturhistorisk arkiv

Er framleis plassert på Raulandsakademiet, her finn ein 120 privatarkiv. Ansvar for dette arkivet blir førebels overført til OAI. Det kommunale arkivet er flutt til IKA Kongsberg.

Litteraturdagane i Vinje

Litteraturdagane i Vinje, eit årvisst arrangement som blir arrangert i tett samarbeid med kultureininga. Mål med dagane er å bli betre kjent med forfattarar frå Vinje og andre delar av landet. I 2014 var mykje av programmet knytt opp til Tarjei Vesaas-romanen Is-slottet med høgtlesing og føredrag. Debutantprisen vart delt ut for 50. gong. Gine Cornelia Pedersen fekk prisen for romanen Null. Olav Vesaas, Dag Solstad, Ruth Lillegraven var nokre av mange dyktige og viktige bidragsytarar.

Storegutprisen vart delt ut under Litteraturdagane, og i 2014 vart vinnaren Sondre Bratland frå Edland.



Kultur- og idrottsstipend for ungdom

Idrottsstipendet for 2014 blei tildelt skiløparen Marianne Hermannsen frå Haukeli.

Kulturprisen

Kulturprisen for 2014 blei tildelt Birger Kjellingtveit frå Rauland.

Utvalde kostratal

	Vinje	Tokke	Tinn	Like kommunar	Landet
Netto driftsutgifter for kultursektoren pr. innbyggjar	5623	7665	4981	2979	2037
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk og kulturskular, pr. bruker	25805	23604	15827	18931	16993
Del av elevar i kultur- og musikkskulen av barn 6-15 år - %	33,7	44,1	18,6	24,6	14,8
Netto driftsutgifter til idrett pr. innbyggjar	80	279	1144	222	175
Netto driftsutgifter til andre kulturaktivitetar	2009	783	1228	471	277
Kommunale driftstilskott til lag og foreiningar pr. lag som mottek tilskott	33721	2333	28731	23044	38100
Tal på friviljuge lag som får kommunale driftstilskott	43	39	67	-	-

VINJE KYRKJELEGE FELLESRÅD

I 2014 hadde Fellesrådet 6 møte og handsama 26 saker.

Endring av presteressursar og gudstenesteforordning

På grunn av at ein ikkje har fått tilført nye presterstillingar i Agder og Telemark bispedøme sidan 2003, vedtok bispedømerådet ei endring i fordeling av presteressursane i bispedømet. Resultatet av dette var at Vinje fekk redusert prestestillingane med 40% frå 2 fulle stillingar, til 1,6 årsverk frå november 2014. På grunn av endringane i presteressursane vart det vedteke ein ny gudstenesteforordning.

Trusopplæring – reform og midlar

I 2014 fekk Vest-Telemark prosti trusopplæringsmidlar frå Staten/Bispedøme. I januar var det halde eit fellesmøte for sokneråda i Vest-Telemark, der det vart gjort vedtak om å opprette ei prosjektstilling i eitt år som trusopplæringskoordinator for regionen, med unntak av Seljord. Det vart danna eit interimstyre for denne stillinga med prosten og kyrkjevevjerne i dei ulike fellesråda, med kyrkjevevja i Nissedal som styreleiar. Det vart tilsett trusopplæringskoordinator i desember, med oppstart i 2015 i 50% stilling. Trusopplæringsmidlane for 2014 vart disponert av dei ulike sokneråda.

Utvalde Kostra-tal

	Vinje	Like kommunar	Tokke	Tinn
Netto driftsutgifter per innbyggjar	1 019	953	1 583	1 091
N. driftsutg. til kyrkjeformål i % av tot. driftsutg.	1,5	1,5	1,9	1,6
Deltaking i gudstenester sun-/heilagdag pr innb.	1,2	1,2	1,2	1,1
Medlem av Den norske kyrkja i % av tal innb.	81,4	83,6	84,3	78,1
Konsertar og kulturarrangement pr 1 000 innbyggj.	3,3	3,9	5,3	1,7

tabellen syner stabil aktivitet i kyrkjene, både innan deltaking på gudstenester og kulturarrangement. Samstundes er overføringane til kyrkjeleg fellesråd framleis litt lågare enn dei to nabokommunane vi samanliknar oss med, men høgre enn kostragruppa. Reint økonomisk kjem fellesrådet ut med eit rekneskapsmessig meirforbruk på drygt 115 000 kr, noko som er eit betre resultat enn føregåande år.

